



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

SIVA - Selskapet for industrivekst SF  
Postboks 1253 Sluppen  
7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref  
17/52-1

Dato  
12.01.2017

**Statsbudsjettet 2017 - oppdragsbrev til Siva SF -**

**1 Økonomisk ramme til disposisjon for 2017**

I dette oppdragsbrevet gjev Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ramma til Siva over kap. 550, post 70 og kap. 553, post 74 og delegerer forvaltninga til Siva.

Departementet viser til Prop. 1 S (2016–2017) for departementet og Innst. 16 S (2016–2017). Det er laga egne retningslinjer for forvaltninga av kap. 550, post 70 og kap. 553, post 74 (sjå vedlegg 1). Oppdragsbrevet inneheld presiseringar av dokumenta som er nemnde ovanfor.

*Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for Siva i 2017.*

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kroner
550	70	Bedriftsretta program i distrikta	70 500
553	74	Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø	55 200

Departementet stiller totalt 125,7 mill. kroner til disposisjon for Siva i 2017. Løyvinga dekkjer dei administrasjons- og gjennomføringskostnadene Siva har med ordningane.

## 2 Mål for Siva og andre fellesføringer fra departementa

Meld. St. 22 (2011–2012) *Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF* slo fast målstrukturen for Siva. KMD viser til oppdragsbrevet for 2017 fra Nærings- og fiskeridepartementet for fellesføringer.

## 3 Føringer i oppdraget fra KMD

### 3.1 Mål for 2017

Dei overordna måla for regional- og distriktpolitikken er å føre vidare hovudtrekka i busetjingsmønsteret, å ta i bruk dei menneskelege og naturgjevne ressursane i heile landet for at vi skal ha ei størst mogleg nasjonal verdiskaping, og å sikre likeverdige levekår.

Den regional- og distriktpolitiske innsatsen over programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk skal målrettast for å gjere omstilling for bedrifter lettare på kort sikt, og å byggje evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt.

Den nye målstrukturen gjer målet for innsats i distrikta (hovudmål 1) og innsats i alle regionar (hovudmål 2) tydelegare. Den distriktsretta innsatsen skal gje omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i område som er særleg prega av store avstandar og spreidd busetjing. Den regionale innsatsen skal byggje evne til omstilling og vekst på regionalt nivå over heile landet. Budsjettkapitla og postane er organiserte etter desse måla.

**Tabell 1 Nye mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk**

Hovudmål	Delmål
1 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetting og store avstandar. 1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. 1.3 Tilgang til grunnleggjande private tenester i område med få innbyggjarar.
2 Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse. 2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene. 2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga.

Dei nasjonale verkemiddelaktørane har ei sentral rolle i arbeidet med å realisere desse måla.

Midlane skal vidare prioriterast innanfor rammene av retningslinjer for bruk av kap. 550, post 70 og kap. 553, post 74, og bli forvalta på ein effektiv måte.

### **3.2 Nærare om oppdraget til Siva**

Løyvinga skal i hovudsak gå til to program: næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet.

#### **Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta**

##### **Næringshageprogrammet**

Som eit ledd i å nå delmål 1.1, eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar, får Siva ei løyving til næringshageprogrammet på 70,5 mill. kroner over kap. 550, post 70 Bedriftsretta program i distrikta. Innsatsen skal bidra til ei langsiktig omstillingsevne i næringslivet og til å utvikle nye lønsame forretningsområde i distrikta.

Det blir frå 2017 ikkje lenger stilt krav om fylkeskommunal medfinansiering til programmet.

Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor verkeområdet for investeringsstøtte, og vere i samsvar med dei regionale utviklingsstrategiane.

Departementet legg til grunn at programmet blir gjennomførte i samsvar med programplanane og tilpassa dei årlege økonomiske rammene.

#### **Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar**

##### **Inkubasjonsprogrammet**

Som eit ledd i nå delmål 2.1, velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse, får Siva ei løyving på 55,2 mill. kroner til inkubasjonsprogrammet over kap. 553, post 74 Klynger og innovasjonsmiljø. Løyvinga skal bidra til velfungerande regionale næringsmiljø.

Departementet legg til grunn at programmet blir gjennomført i samsvar med programplanane og tilpassa dei årlege økonomiske rammene.

Bruken av midlane skal vere i samsvar med dei regionale utviklingsstrategiane.

Siva må føre rekneskap som gjer det mogleg å identifisere kva for inkubatorar ein opererer med på dei ulike stadene.

Midlane til inkubasjon kan ikkje nyttast til etablering av eigenkapitalinstrument.

##### *Bruk av overførte midlar*

Etter avtale med KMD kan overførte midlar nyttast der Siva vurderer at innsatsen gjev best resultat.

#### **4 Administrative føringar**

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2017. Felles rapporteringskalender for 2017 følgjer som vedlegg til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

#### **5 Departementsspesifikke administrative føringar frå KMD**

Departementet legg vekt på at prosjekta skal vurderast etter kvalitet. Innanfor dette er målet at minst 40 prosent. av dei direkte bedriftsretta verkemidla skal nå fram til kvinner.

Departementet ber Siva halde fram med å prioritere kvinner og bidra til fleire kvinnelege entreprenørar, i tillegg til å få fleire kvinner inn i leiing og styre.

Siva skal varsle departementet om avvik frå vedtekne planar eller oppdragsbrevet straks Siva får kjennskap til slike avvik.

#### Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane og kommunane

Departementet ber Siva føre vidare samarbeidet mellom Siva, Innovasjon Noreg og Forskringsrådet, mellom anna om felles programsatsingar.

Siva skal samarbeide med fylkeskommunane, kommunane og andre aktørar for å bidra til ei god regional utvikling. Eit konstruktivt samarbeid vil bidra til at ein på ein betre måte kan nå dei regional- og distriktpolitiske måla. Særleg er det viktig ha ein god dialog med fylkeskommunane om styring av næringshagane og om endringar i deltakinga i det nasjonale næringshageprogrammet.

#### Kommunikasjon og informasjon

Siva skal synleggjere resultat selskapet har oppnådd innanfor politikkområdet, både overfor departementet og eksterne målgrupper. Kommunikasjonsarbeidet i Siva skal vere tufta på statleg kommunikasjonspolitik og gjeldande regelverk. Departementet ventar at Siva tek kontakt med departementet om saker som politisk leiing kan medverke til å synleggjere.

Siva skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av relevante utgreiingar eller rapportar som Siva har laga eller tinga. Siva skal følgje etablerte varslingsrutinar mellom Siva og departementet.

#### Rapportering

KMDs målstruktur er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet (vedlegg 3).

Departementet ber Siva rapportere i årsrapporten i høve til sitt mål- og resultatsstyringssystem. Det er viktig at Siva synleggjer sine resultat på ein god måte.

Departementet ønskjer dialog om korleis eigarskapen til Siva i innovasjonsselskapa bidreg til at ein oppnår måla, jf. delmål 1.1 og 2.1 i målstrukturen til KMD (sjå tabell 1).

Vi ber Siva vurdere mål- og resultatstyringssystemet, og eventuelt komme med forslag til korleis det kan gjerast betre for å sikre at det omfattar dei relevante måleindikatorane for å kunne måle resultatane av innsatsen til Siva.

Departementet ber om at Siva held fram med å rapportere om utviklinga i prosentdelen kvinner i programma etter tidlegare definisjonar.

Overføring av midlar

Departementet overfører midlane i tre delar – i februar, juni og oktober 2017. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2016.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Ole Magnus Aurdal  
fagdirektør

Vedlegg

Vedlegg 1 Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemiddel for kap. 550, post 70 og 73 og kap. 553, post 74 og 76

Vedlegg 2 Rammefordeling av programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Vedlegg 3 Krav, rapporteringsskjema og rettleiing til statistikkrapporteringa for verkemidla frå KMD

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*